Arbeidarpartiet sin plan for Vestland

Partiprogram for Vestland Arbeidarparti for valperioden 2027-2031.

Innstilling til fylkesvalprogram til handsaming av partiorganisasjonen.

Innhald

Vår plan for Vestland 3
Vår plan for dei gode lokalsamfunna 4
Kultur, idrett, friluftsliv og frivilligheit for alle 4
Fleire må med i fellesskapet 5
Fleire opne bygg og skape gode møteplassar 5
Gode stader å bu og arbeide i både by og land 5
Styrke demokratiet og stå opp mot ekstremisme 5
Vi skal gjere lokalsamfunna betre rusta når kriser rammar 6
Vår plan for barn og unge 6
Kampen mot utanforskap 6
Førebyggjande helse- og miljøarbeid 7
Alle barn og unge skal ha tilgang til eit godt kultur- og idrettstilbod 7
Ein offentleg vidaregåande fellesskule for alle 7
Ein Vestlandsskule for framtida 8
Eit yrkesfagsløft og fleire læreplassar 8
Fagleg fordjuping og førebuing til studium 9
Ein fagskule for framtida 9
Ein styrka offentleg fellesskule, og færre private 9
Vår plan for å binde Vestland saman 10
Eit trygt, rassikkert og godt vedlikehalde vegnett 10
Styrke kollektivtilbodet i by og land 10
Eit rimeleg kollektivtilbod, men som legg vekt på kapasitet 11
Dissens frå Reidar Fugle Nordhaug, Linn Therese Erve, Lisa Lunde på linje 393 og 394: 11
Bygge Bybanen til Åsane og vidare 11
Store nasjonale samferdsleprosjekt som knyter fylket saman 12
Samferdsel på lag med klima og natur 12
Eit framtidsretta og utsleppsfritt transportnett 12
Eit stabilt og grønt flytilbod på kortbanenettet 12
Vår plan for arbeid og verdiskaping 13
Vestland fylkeskommune som arbeidsgjevar 13
Seriøsitetskrav og ansvarlege innkjøp 13
Kompetanse, fagskule, høgare utdanning og livslang læring 14
Arbeid til fleire, mindre utanforskap og sommarjobb til unge 14

Energiproduksjon skal bygge samfunn....15
Marine næringar og kystsamfunn....15
Kunstig intelligens, digitalisering og demokratisk kontroll....15
Eit framtidsretta reiseliv....16
Landbruk, mat og drikke....16
Dra nytte av innovasjonskrafta i Vestland....16
Vår plan for den gode folkehelsa....17
Ei sterk og likeverdig offentleg tannhelseteneste....17
Utdanning og rekruttering av helsearbeidarar for framtida....17
Førebyggjande folkehelse og psykisk helse i skulen....18
Vår plan for klima og natur....18
Skape grøne arbeidsplassar og ny industri....18
Sikre rein kraft på lag med klima og natur....19
Ta vare på naturen og bruke areala klokare....19
Gjere det lettare å reise grønt....19
Ta vare på havet og utvikle dei marine næringane....19
Byggje tryggare lokalsamfunn i eit endra klima....20
Vår plan for framtida....20

Vår plan for Vestland

Vestland er Noregs viktigaste eksportfylke. Frå storbyen Bergen til dei minste bygdene, frå kysten langs fjordane til fjellet, skapar vi grunnlaget for gode lokalsamfunn. For at Vestland skal lukkast vidare, må vi gje tryggleik og moglegheiter for alle. Det gjer vi best gjennom sterke og gode fellesskap.

Den viktigaste oppgåva for Arbeidarpartiet er at alle får ta del i fellesskapet. Mange er ein del av det store fellesskapet, men nokre fell utanfor arbeid, utdanning og sosiale arenaer. Mange manglar ein møteplass der dei treff folk som bryr seg.

Gjennom eit tettare samarbeid med næringsliv, frivilligheit, idrett og kulturliv vil vi bygge gode lokalsamfunn og eit levande lokaldemokrati som fangar opp dei som treng det mest. Vi vil hegne om og styrke den offentlege fellesskulen, slik at bakgrunnen din ikkje avgjer om du finn ein plass å høyre til eller får ei god framtid

Vi står framfor store utfordringar: Vi blir fleire eldre og færre unge, klimaendringane slår inn for fullt, teknologien endrar arbeidslivet, og vi lever i ei meir usikker tid. Vi skal møte desse utfordringane ved å utdanne dei fagfolka vi treng, styrke samfunnsberedskap og leggje til rette for grøn nyskaping. Med trygg infrastruktur og eit godt kollektivtilbod skal vi binde fylket tettare saman.

Arbeidarpartiet sin plan for Vestland byggjer på trua om at det er dei små skilnadane, den høge tilliten og dei sterke fellesskapa som vil ta oss trygt gjennom ei brytningstid.

Arbeidarpartiet sine viktigaste lovnadar for komande periode er:

- **Ein desentralisert skule og fleire som fullfører**
  Arbeidarpartiet vil oppretthalde alle skulestader i valperioden 2027-2031. Skulestadane er viktige for lokalsamfunna og regionalt arbeids- og næringsliv. Elevtala går ned, og det vil difor vere naudsynt med eit omfattande omstillingsarbeid for å sikre økonomisk berekraftig og pedagogisk forsvarleg drift. Skulestadane sine sterke sider skal nyttast til å spisse tilboda ved dei ulike skulestadane. Vår offentlege fellesskule har som viktigaste mål å auke fullføringa og gi alle elevar ein sjanse til å lukkast.

- **Eit stort løft for trygge fylkesvegar**
  Vi vil prioritere rassikring, trafikktryggleik og vedlikehald av fylkesvegane. Arbeidarpartiet forpliktar seg til å utbetre minst 300 kilometer fylkesveg i perioden, slik at vi tek att deler av det store vedlikehaldsetterslepet i Vestland samstundes som vi tryggjar kvardagsvegane.

- **Halde kollektivprisane for ungdom og studentar rimelege**
  Arbeidarpartiet vil skjerme dei unge mot aukande kostnadar. Difor vil vi særleg prioritere å halde prisane låge for barn, ungdom og studentar.

- **Heiltidsgaranti for helse- og oppvekstfagarbeidarar**
  Vi vil inngå forpliktande avtalar med villige kommunar i fylket for å sikre eit «frå elev til heiltidstilsett»-løft. Alle elevar som fullfører helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag skal etter bestått fagbrev garanterast eit tilbod om fast og heil stilling i kommunen.

Vår plan for dei gode lokalsamfunna

Vestland har gode fellesskap, rik natur og eit arbeidsliv som skapar store verdiar. Men veksten og moglegheitene kjem ikkje alle stader og alle folk like mykje til gode. Medan nokre delar av fylket veks, opplever andre nedgang i folketalet og at viktige tilbod forsvinn. Samstundes blir vi fleire eldre og fleire som bur åleine. Økonomiske forskjellar gjer at ikkje alle har dei same moglegheitene til å delta, og einsemd og utanforskap er ei utfordring for mange.

Vi kan ikkje ha alle tilbod og tenester overalt, men folk må ha tilgang til det dei treng innan rimeleg avstand, og kunne kome seg dit. Det gjeld arbeid, skule, tenester og fritidsaktivitetar. Kultur, idrett, friluftsliv og frivilligheit skaper aktivitet, betre folkehelse og fellesskap. Skal vi utvikle gode lokalsamfunn, må fylkeskommunen samarbeide godt med kommunane, frivilligheita og dei som bur der.

Kultur, idrett, friluftsliv og frivilligheit for alle

Vi skal redusere økonomiske barrierar slik at fleire barn og unge kan delta, uavhengig av familien sin økonomi. Derfor skal vi styrke tilskota til barne- og ungdomsorganisasjonane og gjere tilskotsordningane enklare å finne, søkje og rapportere på. Vi skal sikre gode rammer til kulturlivet, kulturinstitusjonar, museum, kunstnarar og frie kulturaktørar. Vi vil òg satse meir på regionale kulturbygg, nynorsk språk og kultur, kulturarv og kystkultur. Bergen skal vidareutviklast som kulturby og kulturell motor for Vestland, samtidig som vi arbeider for store kultur- og idrettsarrangement i heile fylket.

Vi skal styrke amatørkulturen og leggje til rette for kor, korps, teater, dans og andre lokale kulturaktørar. Festivalane skapar fantastiske opplevingar i heile Vestland, og vi vil leggje til rette for at dei eksisterande kan vekse og nye kan kome til.

Vi skal bruke spelemidlane til gode anlegg og meir aktivitet og samarbeide med idretten for å få fleire med, lenger. Fleire driv med eigenorganisert aktivitet og dataspel, og vi vil leggje til rette for det. Frivillegheita er ei berebjelke i lokalsamfunna. Vi vil gi frivillige lag og organisasjonar gode og føreseielege rammevilkår. Naturen må bli lettare tilgjengeleg, og vi skal støtte arbeidet med stiar, friluftsområde og aktivitetar som gir fleire moglegheit til å nyte naturen.

Fleire må med i fellesskapet

Vi skal bruke tilskotsordningane meir målretta for å nå dei som står utanfor. Derfor vil vi støtte frivillige organisasjonar som skaper opne og inkluderande møteplassar og aktivitetar med låg terskel for å delta. Eldre, dei som bur åleine og menneske med funksjonsnedsettingar skal ha betre moglegheiter til å delta. Digitale løysingar skal ikkje vere den einaste vegen inn til viktige tenester og tilbod.

Fleire opne bygg og skape gode møteplassar

Vi skal opne fleire vidaregåande skular og andre fylkeskommunale bygg på ettermiddagar, kveldar og i helger. Frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar skal kunne låne eigna lokale i dei vidaregåande skulane gratis. Nye og rehabiliterte bygg skal planleggjast for sambruk, fleirbruk og universell utforming. Biblioteka skal vere opne møteplassar for kunnskap, kultur, debatt og fellesskap. Der det er relevant, skal dei vidaregåande skulane verte involvert i områdesatsingar.

Gode stader å bu og arbeide i både by og land

Byar, tettstadar og bygder skal kunne utvikle sine eigne fortrinn, Med Bergen som ein sterk motor for heile Vestland. Vi skal samarbeide tettare med kommunane om stadutvikling og levande sentrum, og bidra med kompetanse og støtte til lokale utviklingsprosjekt.

Vi skal vidareutvikle Liv og lyst-ordninga slik at fleire lokalsamfunn kan få hjelp til å skape aktivitet, møteplassar og lokal utvikling. Vi skal sjå meir samanheng mellom bustader, arbeidsplassar, transport, tenester og møteplassar og legge til rette for at folk kan bu godt gjennom heile livet. Gode fylkesvegar, trygge skulevegar og eit føreseieleg kollektivtilbod er viktig for at folk skal kunne bu og arbeide i heile fylket.

Les meir om arbeidsplassar og næringsutvikling i kapittelet «Vår plan for arbeid og verdiskaping», og om fylkesvegar, kollektiv, båt og ferje i kapittelet «Vår plan for å binde Vestland saman».

Styrke demokratiet og stå opp mot ekstremisme

Vi skal styrke organisasjonar som driv demokratiopplæring og arbeider mot rasisme, diskriminering, radikalisering og ekstremisme. Vi meiner at skulane, biblioteka og frivilligheita skal vere arenaer for demokratiopplæring, kjeldekritikk, debatt og meiningsbryting.

Barn og unge skal få lære om demokrati, ved å delta og bli høyrde. Ungdomsråd og andre medverknadsorgan skal involverast tidleg. Innbyggjarar, frivilligheita og lokale råd skal involverast når viktige lokalsamfunnsavgjersler skal takast.

Vi skal gjere lokalsamfunna betre rusta når kriser rammar

Vi skal styrke beredskapssamarbeidet mellom fylkeskommunen, kommunane, statlege etatar, frivilligheita og næringslivet. Vi skal øve meir saman og bli betre til å bruke lokale ressursar og kompetanse når noko skjer. Fylkeskommunale tilfluktsrom skal setjast i stand slik at dei er klare om krisa inntreff.

Beredskap skal vere ein fast del av planlegginga av vegar, kollektivtilbod, bygg og areal. Vi skal ha oversikt over kva fylkeskommunale bygg, transportressursar og annan infrastruktur som kan brukast når kriser rammar. Vi vil sette eit sterkare fokus på Vestlandet sin verdi i den nasjonale beredskapen.

Beredskap er ikkje berre infrastruktur, lager og den fysiske beredskapen. Det handlar om å ruste befolkninga for ein meir usikker tid. Difor vil vi mellom anna vurdere å opprette ei linje med beredskapsopplæring i den vidaregåande skulen.

Vår plan for barn og unge

Alle barn og unge i Vestland skal ha tru på framtida. Alle unge i Vestland skal møte vaksne som ser dei, og dei skal få ei opplæring som både støttar og utfordrar dei til fagleg, sosial og personleg utvikling. Vestland treng menneske i framtida som er både gode medborgarar og kompetent arbeidskraft. Vestland treng både yrkesfag og studieførebuande utdanningsprogram, og vi må syte for at flest mogleg fullfører både skulegangen og læretida.

Sosial ulikskap er ei av dei største utfordringane for livsvilkåra til barn og unge. Foreldra si inntekt og utdanning har framleis altfor stor innverknad på barna sine sjansar i livet. Arbeidarpartiet vil arbeide målretta for at alle barn og unge skal kjenne seg inkluderte og få moglegheit til å delta. Alle skal få oppleve meistring, både på skulen og i fritidsaktivitetar.

Trass i visjonar om gode fritidstilbod slit mange frivillige lag og organisasjonar med å rekruttere frivillige, aukande kostnader og større krav til drift og administrasjon. Dette gjer det vanskelegare å halde aktivitetsnivået oppe og sikre låge deltakaravgifter og god kvalitet på tilboda.

Kampen mot utanforskap

Arbeidarpartiet sitt mål er at ingen unge skal hamne i utanforskap. Vi vil styrke oppfølgingstenesta sin kapasitet til å følgje opp dei som avbryt opplæringa, mellom anna gjennom samarbeid med NAV og andre relevante aktørar. Oppfølgingstenesta skal òg ha eigne tiltak, eller tiltak i samarbeid med dei vidaregåande skulane, som er tilpassa brukarane.

Produksjonsskulane har vist seg å vere gode alternative opplæringsarenaer. Difor vil vi arbeide for vidare finansiering av dette og liknande tiltak i regi av fylkeskommunen.

Førebyggjande helse- og miljøarbeid

Helsesjukepleiarar, miljøkoordinatorar og skulefrukost er no sjølvsagde tilbod ved alle vidaregåande skular i Vestland. Arbeidarpartiet vil halde fram med desse helsefremjande tiltaka og arbeide for at helsesjukepleiarane er tilstades oftare ved alle skular. Vi vil vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet mellom helsesjukepleiarar, skular, føresette og relevante tenester, med særleg vekt på rusførebygging, inkludering og innsats mot mobbing. Arbeidet med å sikre lærlingane eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø skal vere særskilt prioritert.

Alle barn og unge skal ha tilgang til eit godt kultur- og idrettstilbod

Økonomi er den største barrieren for deltaking. Difor vil vi styrke ordningar som reduserer og fjernar økonomiske barrierar for deltaking i kultur-, fritids- og idrettsaktivitetar. Familien sin økonomi skal ikkje vere avgjerande for kvaliteten på tilboda. Alle barn må kunne delta, og difor vil vi særskilt støtte fritidsaktivitetar som er universelt utforma. Det er og viktig med ein bredde av tilbod, slik at alle finn noko dei trivst med. Vi vil legge til rette for at kulturskulane kan tilby regionale fordjupingstilbod til kulturskuleelevane, og for at idretten har ressursar til å drive talentutvikling på tvers av klubbar. Transport er ein barriere. Difor vil vi vurdere gratis kollektivtransport for alle til og med det året dei fyller 15 år, dersom det er mogleg innanfor skuleskyssordninga og økonomien.

Ein offentleg vidaregåande fellesskule for alle

Arbeidarpartiet vil sikre ein desentralisert skule som gir gode tilbod i heile Vestland. I vår offentlege fellesskule skal alle som ønskjer det, få moglegheita til dette på ein skule nær seg.

Ungdomane og dei føresette skal oppleve ein trygg overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring, og dei skal raskt få rettleiing og hjelp frå pedagogisk-psykologisk teneste når dei treng det. Vi vil arbeide for å rekruttere fleire yrkesfaglærarar og sikre dei likeverdige løns- og arbeidsvilkår og systematisk rettleiing.

Kvaliteten i opplæringa må opp, slik at fleire fullførar og fleire opplevar meistring i skulen. Slik gir vi fleire moglegheita til å lukkast med måla og draumane sine. Uansett kven du er eller kor du kjem frå, skal skulen gje deg moglegheitar for framtida. Difor vil vi ha ei målretta satsing for at endå fleire fullfører og består vidaregåande opplæring.

Arbeidarpartiet i Vestland vil arbeide for å få løfta satsane for utstyrsstipend og bortebuarstipend slik at dei dekkjer dei reelle utgiftene. I mellomtida vil vi vurdere å etablere ei innkjøpsordning for det vanlegaste utstyret til yrkesfag, med mål om å redusere prisen for elevane, etter modell frå skule-PC-ordninga. Vi vil vidareføre fullføringsretten på studieførebuande utdanningsprogram. Arbeidarpartiet vil òg sjå på moglegheitene for å innføre ei tilsvarande ordning for overgangen mellom Vg1 og Vg2 på dei vanlegaste yrkesfaglege utdanningsprogramma ved større skular.

Ein Vestlandsskule for framtida

Arbeidarpartiet vil opprettholde alle skulestader i valperioden 2027-2031, og nytte tida for å ruste den vidaregåande opplæringa for framtida. Elevtala går ned og vil gå ned ytterlegare. For å sikre ein desentralisert skulestruktur, vil det difor vere naudsynt med eit omfattande omstillingsarbeid for å sikre økonomisk berekraftig og pedagogisk forsvarleg drift av skulestadane.

Skulestadane sine sterke sider og dei tilsette sin kompetanse er den viktigaste ressursen i dette arbeidet. Det er i dag fleire lovande samarbeid på tvers av skular. Arbeidarpartiet vil leggje til rette for at gode samarbeid vert forsterka. Omstillingsarbeidet skal sikre medverknad frå dei tilsette, og bidra til etablering av fagmiljø og tilbod på tvers av skular.

Det vil vere naudsynt med eit langt meir spissa tilbod ved dei ulike skulestadane i framtida. Skulestadane må satse på sine sterkaste sider. Arbeidarpartiet vil leggje til rette for at samarbeida mellom skulane vert så godt at fleire av dei veks saman til større strategiske einingar som kan stå seg betre i møte med ei framtid med fallande elevtal. Arbeidarpartiet meiner at stykkprisfinansiering er lite formålstenleg for styringa av opplæringssektoren i Vestland, fordi finansieringa i for liten grad tek omsyn til kvalitet, breidde i tilbodet og behovet for føreseielege rammer ved skulane.

Eit yrkesfagsløft og fleire læreplassar

Arbeidarpartiet sin visjon er at alle unge i Vestland som vel yrkesfag, skal fullføre med fagbrev eller kompetansebevis innan fem år. Dette krev ei god yrkesopplæring med ein god start. Yrkesopplæringa i skulen skal vere relevant og ha utstyr som liknar på det elevane møter i opplæringsbedriftene. Det er gledeleg at fleire ønskjer å gå yrkesfag, og difor må vi auke kapasiteten i yrkesfaga slik at alle som ønskjer det kan ta eit fagbrev. Manglande kapasitet på yrkesfag er særleg ein utfordring i Bergensområdet. Vi må auke kapasiteten og sikre at det er mogleg for alle å ta eit fagbrev.

For å auke fullføringsgraden og stimulere fleire til å gå frå Vg2 til lære, vil Arbeidarpartiet redusere talet på plassar på Vg3 påbygg til generell studiekompetanse. Då må det òg finnast nok læreplassar. Vi vil difor arbeide for at fleire bedrifter, både private og offentlege, tek inn lærlingar, og at fylkeskommunen går føre som eit godt døme. Arbeidarpartiet i Vestland vil òg arbeide for at lærlingtilskotet vert auka nasjonalt, slik at det i større grad dekkjer kostnadene bedriftene har med å ta imot og følgje opp lærlingar. Vi vil òg arbeide for å opprette eit eige fagopplæringskontor, for å sikre god oppfølging av fag- og yrkesopplæringa.

Vi vil inngå forpliktande avtalar med villige kommunar i fylket for å sikre eit «frå elev til heiltidstilsett»-løft. Alle elevar som fullfører helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag skal etter bestått fagbrev garanterast eit tilbod om fast og heil stilling i kommunen.

Fagleg fordjuping og førebuing til studium

Arbeidarpartiet sin visjon er at studieførebuande utdanningsprogram i enno større grad skal førebu ungdom på studium. Difor vil vi støtte tiltak som legg vekt på fagleg fordjuping innan alle fagområde, og leggje enno betre til rette for at fleire ungdomar vel realfag. Andre aktørar som til dømes vitensentra er viktige for rekrutteringa til realfaga, og vi vil arbeide tettare med dei for å sikre rett kompetanse for framtida. Arbeidarpartiet meiner det skal vere fysiske lærebøker i alle fag, kombinert med tilpassa og lærarstyrt bruk av skjerm. Kunstig intelligens (KI) kan vere eit nyttig verktøy for læring, men bruk av KI skal ikkje vere eit mål i seg sjølv. Det er behov for høgare utdanna arbeidskraft i heile fylket. Arbeidarpartiet vil difor arbeide for at dei ungdommane som ønsker det, skal kunne starte eit løp på studiespesialisering nær der dei bur. Arbeidarpartiet vil leggje til rette for at elevar som har eit sterkt ønske om å kombinere studiespesialisering og yrkesutdanning får høve til dette. Dette kan mellom anna gjerast ved å vidareføre tilboda om yrkes- og studiekompetanse (YSK/TAF).

Ein fagskule for framtida

Fagskulen Vestland, som gir høgare yrkesfagleg utdanning på 8 ulike stader i Vestland, er avgjerande for å imøtekomme kompetansebehovet i arbeids- og næringslivet i framtida. Fagskulen Vestland gir studentane høgare teknisk utdanning på både heil- og deltid, og gir fagarbeidaren høve til vidareutdanning. Kombinasjonen av praktisk og teoretisk kompetanse er noko av det viktigaste arbeids- og næringslivet treng. Arbeidarpartiet vil vere ein aktiv eigar, framleis støtte Fagskulen Vestland økonomisk og byggje nytt bygg til Fagskulen i Bergen.

Det er viktig at fagskulen får den anerkjenninga den fortener, som eit godt alternativ til høgare akademisk utdanning. For å lukkast med den grøne og digitale omstillinga, er vi heilt avhengige av tilbodet til fagskulane. Arbeidarpartiet i Vestland vil støtte aktivt opp om og vere ein pådrivar for å følgje opp fagskulereforma.

Ein styrka offentleg fellesskule, og færre private

Arbeidarpartiet er mot uthulinga av den offentlege fellesskulen som ein får ved å opprette privatskular, og er mot nye kommersielle privatskular i Vestland. Det er og eit aukande behov for yrkesfagplassar. Private opprettar som regel berre studiespesialiserande tilbod, og det tek pengar vekk frå yrkesfaga. I Bergen er delen private plassar på studiespesialisering så høg at det gjer fylkeskommunen si planlegging meir krevjande og kostbar. Samfunnet treng ein samla og demokratisk kontrollert styring av vidaregåande opplæring. Arbeidarpartiet i Vestland meiner at privatskulelova bør endrast slik at godkjenningar til å drive privatskule med statstilskot vert tidsavgrensa, og at dei private skulane vert pålagde å samordne opptaket sitt med fylkeskommunen.

Vår plan for å binde Vestland saman

Eit trygt og trafikksikkert vegnett er ein grunnleggjande føresetnad for sterke lokalsamfunn og næringsutvikling i heile Vestland. Rassikring, godt vedlikehald og klare prioriteringar for tryggare vegar må liggje til grunn for prioriteringane i samferdselspolitikken vår, både på fylkes- og riksvegnettet.

Vestland er avhengig av eit godt samspel mellom veg, bane, sjø, luft og kollektivtrafikk for at folk skal kunne reise trygt, effektivt og miljøvenleg. Ferjer, hurtigbåtar og kortbanenettet er livsnerven i mange lokalsamfunn, og vi skal gå føre i omstillinga til utsleppsfri sjø- og luftfart, men utan at rutetilbod, kapasitet eller framkome for dei reisande blir svekka.

I Bergensområdet reiser rekordmange kollektivt som følgje av Arbeidarpartiet si målretta satsing. For å nå nullvekstmålet for biltrafikk i og rundt Bergen vil vi prioritere fleire og hyppigare avgangar, betre kapasitet i kollektivsystemet, gode knutepunkt og rimelege billettar som gjer det enkelt å velje buss, båt og bane. I distrikta er utfordringane annleis. Her vil vi løfte pendlarrutene, trygge skuleskyssen og utvikle nye, fleksible kollektivløysingar.

Eit trygt, rassikkert og godt vedlikehalde vegnett

Arbeidarpartiet vil prioritere liv, helse og framkommelegheit i vegpolitikken. Difor vil vi vektlegge rassikring, trafikktryggleik, trygge skulevegar og nødvendig vedlikehald på fylkesvegnettet i heile fylket. Vestland har eit stort vedlikehaldsetterslep på vegane, og i tillegg krev dei mange tunellane, kaiene og bruene i fylket systematisk oppgradering for å være trygge over tid.

Nullvisjonen om ingen hardt skadde og drepne skal vere utgangspunktet for all trafikkplanlegging i Vestland. Vi aksepterer ikkje at liv går tapt på vegane våre, og difor skal trafikksikring liggje til grunn når vi byggjer ut, utbetrar og vedlikeheld vegnettet.

Vår ambisjon er å utbetre 300 kilometer fylkesveg i komande periode, og vi vil arbeide for at vi gjennomfører prosjekt på ein måte som gjer mest mogeleg trafikksikker veg for pengane. Difor vil vi og arbeide vidare med såkalla innovativ skredsikring, som kan trygge vegane våre for ein lågare kostnad.

For å løyse dei store behova vil vi arbeide mot staten for å sikre forpliktande nasjonale planar for vedlikehald og rassikring av riks- og fylkesvegar. Målet vårt er ei tredobling av rassikringsmidlane til Vestland, med ei gjennomføring i løpet av 12 år.

Styrke kollektivtilbodet i by og land

Vi vil auke talet avgangar i Bergensområdet for å få fleire til å ta buss, båt og bane og nå nullvekstmålet. Vi ønskjer å etablere fleire ekspressbussruter, nytte t.d Skyss Bestilling i områder kor dette kan dekkje hol i tilbodet utanom rushtid og sikre nok kapasitet på bussruter kor det er fullt. Koordineringa mellom kollektivtilbudet, mikromobilitet og bildeling må bli betre.

Utanfor byområdet vil vi satse på regionrutene og pendlarrutene, og prøve ut nye metodar å for auke kollektivbruken og sikre at folk kjem seg rundt i distrikta. Fleire reiser med buss og hurtigbåt på same reise, difor vil vi betre korrespondansen for å gje ei samanhengande reise. Skyss Bestilling fungerer nokre plassar, men andre metodar kan vere betre tilpassa lokale tilhøve. Særleg viktig er det for unge og eldre å kunne kome seg rundt i kvardagen. Difor vil vi sjå om det er mogleg å opne for nye stadstilpassa lokale løysingar, i tillegg til Skyss Bestilling. Vi vil arbeide for å oppretthalde busstilbodet til lufthamnene i fylket vårt.

Eit rimeleg kollektivtilbod, men som legg vekt på kapasitet

Arbeidarpartiet vil arbeide for at kollektivprisane ligg på eit rimeleg nivå som bidreg til at fleire nyttar kollektivtransport. Samstundes er tilbodet det mest sentrale for å få fleire til å bruke buss, båt og bane. Difor meiner Arbeidarpartiet at vi skal ha ein god balanse mellom pris og tilbod, men med eit hovudmål om å utvide tilbodet. Vi ønskjer ikkje reklamefinansiert kollektivtransport i Vestland. Vi vil arbeide for at staten fortsatt gir meir pengar til kollektivtilbodet, men med stort lokalt handlingsrom.

Arbeidarpartiet vil gjere det enklare og rimelegare for dei unge å nytte kollektivtransport. Difor vil vi særleg prioritere å halde prisane låge for barn, ungdom og studentar. Arbeidarpartiet vil gjere kollektivtrafikken gratis for alle til og med året dei fyller 15 år, om dette er mogeleg med skuleskyssordninga og økonomien tillet det.

Dissens frå Reidar Fugle Nordhaug, Linn Therese Erve, Lisa Lunde på linje 393 og 394:

«Vi ønskjer ikkje reklamefinansiert kollektivtransport i Vestland.» erstattast med:

«Vestland Arbeidarparti kan opne for å tillate reklame på kollektivtransport som ei ekstra inntektskjelde for fylkeskommunen.

Ei eventuell ordning må utformast i dialog med kommunane og ta omsyn til lokale planar for byrom og estetikk. Reklamen skal avgrensast til sjølve køyretøya. Vi skal garantere for at ordninga ikkje opnar for reklame i byromma i Bergen eller i andre kommunar som har vedteke reklamefrie byrom og omsynet til fellesareal skal vege tungt.»

Bygge Bybanen til Åsane og vidare

Arbeidarpartiet sitt mål er å bygge Bybanen til Åsane, uansett trasé. Vi står bak kompromiss-alternativet som vart inngått i 2024, og hovudmålet er å byggje etter dette. Samstundes er det avgjerande at vi vel ein trasé som står seg teknisk, kollektivfagleg og kostnadsmessig. Blir det ikkje mogleg å byggje etter kompromiss-alternativet (tunnel), vil vi arbeide for å realisere vedteken reguleringsplan over Bryggen i Bergen. Bybanen er ikkje ferdig utbygd etter Åsane, og vi vil arbeide for at vi vidare bygger Bybanen vestover i Bergen.

Store nasjonale samferdsleprosjekt som knyter fylket saman

Arbeidarpartiet skal stå i spissen for å sikre at staten prioriterer nasjonale samferdsleprosjekt i Vestland. Vi må bygge eit effektivt og trygt vegnett i Bergensregionen, særleg E39 med forlenga Fløyfjellstunnel, Nordhordlandstunnelen og Ringveg Aust. Prosjekt som Hafstadfjelltunnelen (E39) og Bakka-Solheim (E134) er klare, og må realiserast. Vi vil realisere ein opprusta og ferjefri E39 langs nord/sør-aksen med gode koplingar til andre område i fylket. Arbeidarpartiet vil planlegge neste trinn av veg og bane mellom Bergen og Voss (K5). E134 Arm til Bergen skal realiserast med finansiering frå staten. Aust-vest sambanda er viktige for folk og næringsliv og må utbetrast, og vi må utbetre Rv.13 for å knyte indre Vestland tettare saman. Bergensbanen må bli et reelt alternativ til fly, og målet må vere å få reisetida ned mot 4 timar.

Samferdsel på lag med klima og natur

Vegutbygging medfører arealinngrep som vil kunne gje auka klimagassutslepp og tap av naturmangfald. Difor vil Arbeidarpartiet avgrense tap av dyrka mark og naturmangfald ved vegbygging. I store motorvegprosjekt skal nedskalering vurderast for å nå nasjonale målsettingar for klima og natur, noko som også sikrar naudsynte ressursar til oppgradering, vedlikehald og rassikring av det eksisterande vegnettet. Vi vil også styrke krav til klima og innovasjon i fylkeskommunale anbod. Ferjeavløysingsordninga er ikkje god nok og må vesentleg forbetrast om det skal vere rom for å sette i gong nye prosjekt.

Eit framtidsretta og utsleppsfritt transportnett

Vestland Arbeidarparti vil sikre eit godt og føreseieleg hurtigbåttilbod i heile fylket, med kapasitet og avgangar tilpassa behovet til reisande og næringsliv. Ferjetilbodet skal vere fleksibelt slik at det kan tilpassast endringar i trafikkmengd og reisemønster, og inngå som ein integrert del av eit samanhengande kollektivtilbod. Fordi hurtigbåtane i dag har høge utslepp, vil vi stille tydelege krav om låg- og nullutsleppsløysingar ved nye anbod, og leggje til rette for raskare fornying av flåten. For at fylkeskommunen skal kunne levere eit best mogleg tilbod, må kostnadane ved det grøne skiftet i større grad kompenserast gjennom statleg finansiering. Vi har lukkast med å byggje eit godt ladenettverk for privatbilar. Vegen vidare er å byggje eit dekkjande ladenettverk for tungbilar, slik at transportnæringa og kan oppnå målet om nullutslepp i framtida.

Eit stabilt og grønt flytilbod på kortbanenettet

Kortbanenettet er ein svært viktig del av kollektivtilbodet i distrikta. Vestland har eit særleg ansvar for å sikre at innbyggjarar og næringsliv i heile fylket har tilgang til eit godt og framtidsretta flytilbod. Difor vil vi arbeide mot staten for å sikre at alle dei fem kortbaneflyplassane i Vestland blir omfatta av staten si FOT-ordning, med eit særleg behov for å få inn ruta mellom Bergen og Florø. Vestland skal også vere eit føregangsfylke for

utsleppsfri luftfart. Vi vil arbeide opp mot staten for å etablere ei pilotordning for utsleppsfrie fly på kortbanenettet i Vestland, og sørgje for at ny teknologi kan takast i bruk så snart han er moden.

Vår plan for arbeid og verdiskaping

Arbeid til alle er vår aller viktigaste oppgåve. Kraft skal skape arbeidsplassar, vi skal stille strenge krav ved offentlege innkjøp, fagarbeidaren skal løftast, offentlege investeringar skal gi lokal verdiskaping, og den grøne omstillinga skal skape nye industriarbeidsplassar.

Vestland har naturressursane, industrien og kompetansen som krevst for å leie an i det grøne skiftet. Eit samfunn med høg sysselsetting og små skilnadar bygger på eit organisert arbeidsliv, faste tilsettingar og sterke fagforeiningar. Difor vil vi styrke den norske modellen, fordi verdiskaping skjer best når dei tilsette får medverke.

Betre utnytting av ressursane blir viktigare for å få ned klimagassutsleppa og auke verdiskapinga. Difor vil vi vidareføre Grøn Region Vestland som eit vellukka prosjekt for å bidra til såkalla industriell symbiose, som inneber å bruke kraft, restressursar og restprodukt frå ein produksjonsline til å skape ny berekraftig sirkulær verdiskaping.

Fylkeskommunen skal vere ein aktiv lagbyggar som samlar kommunar, næringsliv, NAV, utdanningsinstitusjonar og partane i arbeidslivet. Spørsmål om areal, kraft, samferdsle og kompetanse må løysast i samanheng. Slik vil vi styre investeringane mot prosjekt som prioriterer arbeidsplassar, beredskap og lokal verdiskaping – slik at grøn industri og levande lokalsamfunn blir utvikla hand i hand i heile fylket.

Vestland fylkeskommune som arbeidsgjevar

Vestland Arbeidarparti vil bygge ein sterk fylkeskommune med tillit til eigne tilsette, høg fagkompetanse og trygge arbeidsvilkår. Eit sterkt partssamarbeid er avgjerande for gode tenester og gode arbeidsplassar, og tilsette og tillitsvalde skal involverast tidleg og reelt i omstillingar og endringsprosessar. Faste og heile stillingar skal vere hovudregelen, og bruken av innleige og mellombelse tilsettingar skal avgrensast. Fylkeskommunen skal satse på kompetanseutvikling, sterke fagmiljø og eit inkluderande arbeidsliv. Offentlege tenester skal i hovudsak drivast i eigen regi. Vestland Arbeidarparti seier nei til privatisering og konkurranseutsetjing som svekkar demokratisk styring, kvaliteten på tenestene eller dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår.

Seriøsitetskrav og ansvarlege innkjøp

Vestland Arbeidarparti vil bruke fylkeskommunen si innkjøpsmakt til å styrke eit seriøst, organisert og trygt arbeidsliv. I alle anbod skal det stillast tydelege krav om tariffavtalar, faste tilsetjingar, lærlingplassar, god HMS, fagkompetanse og avgrensa leverandørkjeder. Verksemder som tek ansvar for fagopplæring, tilsette og lokalsamfunn skal prioriterast.

Vi vil stille tydelegare krav til arbeidsvilkår for bussjåførar i anbod, med særleg vekt på auka medverknad, føreseielege arbeidstider, færre delte skift og tilstrekkeleg med tid til pausar.

Fylkeskommunen som oppdragsgivar skal stille krav, sikre like konkurransevilkår for dei seriøse aktørane, og støtte opp om initiativ som Fair Play Bygg og Anlegg Vestland. Krava skal følgjast opp med aktiv kontroll, reelt innsyn og strenge sanksjonar for å stanse sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.

Kompetanse, fagskule, høgare utdanning og livslang læring

Vestland treng fleire fagarbeidarar for å møte den aukande mangelen på kvalifisert arbeidskraft i næringslivet og offentleg sektor. Dette er avgjerande for både verdiskaping og velferd, og difor vil Vestland Arbeidarparti satse langt sterkare på fag- og yrkesopplæringa.

Fagarbeidaren er ryggrada i norsk arbeidsliv. Vi vil føre ein aktiv politikk der fleire unge vel yrkesfag og tek fagbrev, samstundes som vaksne får høve til livslang læring, slik at ingen vert stengde ute frå arbeidslivet. Lærlingeordninga er ein av dei viktigaste inngangsportane til yrkeslivet. Vi vil stille strenge krav om bruk av lærlingar i fylkeskommunale kontraktar, arbeide for at alle kvalifiserte søkjarar får læreplass, og la offentleg sektor gå føre som lærebedrift. Samstundes vil vi styrke fagskulane i heile fylket i tett samarbeid med arbeidslivet, med særleg vekst innan industri, maritim sektor, energi, helse og teknologi.

For å sikre søkarar og halde på studentane, må Vestland bli eit endå betre studiefylke gjennom å samarbeide om utviklinga av institusjonar som UiB og HVL. Arbeidarpartiet vil auke andelen traineear i fylkeskommunen, og saman med partane i arbeidslivet oppmode kommunar og næringsliv til å tilby fleire trainee- og juniorstillingar. Dette gjev dei unge verdifull erfaring frå og kjennskap til offentleg sektor og næringsliv i fylket.

Arbeid til fleire, mindre utanforskap og sommarjobb til unge

Arbeid er den viktigaste vegen inn i fellesskapet. Altfor mange står i dag utanfor arbeidslivet, sjølv om dei både kan og ønsker å bidra. Vestland Arbeidarparti vil føre ein aktiv arbeids- og kompetansepolitikk som gjer at fleire kan kome i jobb.

Vestland Arbeidarparti vil at fleire unge, innvandrarar og menneske med nedsett arbeidsevne skal kome inn i arbeidslivet. Vi vil difor styrke alternative opplæringsløp og arbeidsretta kvalifisering. Tettare samarbeid mellom NAV, arbeidsmarknadsbedriftane, næringslivet og opplæringsinstitusjonane er nødvendig. Opplæring i bedrift må få ei større rolle, og fleire må få høve til å kombinere arbeid, opplæring og tilrettelegging. Alle som kan arbeide, skal kunne gjere det.

Det er viktig for den einskilde å få erfaring frå arbeidslivet tidleg. Vestland fylkeskommune har difor starta eit stort arbeid saman med partane i arbeidslivet og NAV om å få fleire sommarjobbar til ungdom. Vi vil styrke dette arbeidet, og jobbe for at alle ungdommar skal ha hatt ein sommarjobb innan endt skulegong.

Energiproduksjon skal bygge samfunn

Tilgang på kraft og nettkapasitet er avgjerande for framtidig industriutvikling i Vestland. Arbeidarpartiet vil at kraftressursane våre skal brukast til å skape arbeidsplassar, industriutvikling og lokal verdiskaping.

Vestland Arbeidarparti vil vere ein aktiv pådrivar for raskare utbygging av nett og meir fornybar og utsleppsfri kraftproduksjon, slik at samfunnsnyttige prosjekt ikkje stoppar opp. Vi vil prioritere kraft til industri, næringsutvikling og arbeidsplassar framfor reint spekulative prosjekt. Ny kraft og ny nettkapasitet må i størst mogleg grad bidra til lokal verdiskaping og fleire arbeidsplassar i Vestland.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide for industrivekstavtalar der kommune, fylkeskommune, stat og næringsliv samarbeider om utvikling av lokalsamfunn som produserer meir kraft. Avtalane kan bidra til betre nettkapasitet, tryggare vegar, eit godt vidaregåande skuletilbod og areal til næringsutvikling. Slik kan lokalsamfunna få meir att for å produsere kraft. Energiutbygginga skal skje på ein måte som tek omsyn til natur og lokalsamfunn.

Marine næringar og kystsamfunn

Dei maritime og marine næringane er viktige for verdiskaping og arbeidsplassar i Vestland. Vestland Arbeidarparti vil styrke verftsindustrien, den maritime leverandørindustrien, fiskerinæringa og havbruksnæringa.

Sjømatnæringa er ei framtidsnæring, men veksten må vere berekraftig. Vi vil legge til rette for meir bruk av nullutsleppsløysingar i havbruksnæringa og vurdere å auke den politiske påverknaden på havbruksforvaltninga i fylkeskommunen. Vi vil ha eit regelverk som slår ned på useriøse aktørar, og som gir berekraftige selskap rom til å vekse.

Den grøne omstillinga og det auka behovet for forsvarsmateriell gir nye moglegheiter for industrien i Vestland. Vi vil arbeide for føreseielege rammevilkår, og at statlege kontraktar innan forsvar, energi og maritim sektor i større grad skaper aktivitet og arbeidsplassar ved vestlandske industribedrifter.

Målet er å sikre verdiskaping, arbeidsplassar og teknologisk utvikling i heile fylket.

Kunstig intelligens, digitalisering og demokratisk kontroll

Digitalisering og kunstig intelligens skal vere verktøy for betre tenester, sterkare næringsutvikling og meir effektiv ressursbruk. Vestland Arbeidarparti meiner at ny teknologi skal vere styrt av politiske mål og demokratiske verdiar, ikkje av kommersielle interesser åleine.

Vi vil ta i bruk kunstig intelligens der det gir betre tenester og arbeidsprosessar, men ikkje som eit verkemiddel for å bygge ned fellesskapstenester eller svekke arbeidstakarane si stilling.

Vestland Arbeidarparti meiner datasenter er ein viktig del av eit digitalisert samfunn og kan bidra til nasjonal tryggleik og digital suverenitet. Ved etablering av nye datasenter skal det leggast vekt på dokumenterbar samfunnsnytte, kompetanseutvikling, arbeidsplassar og god energiutnytting.

Eit framtidsretta reiseliv

Vestland Arbeidarparti vil utvikle ei reiselivsnæring som skaper arbeidsplassar, verdiskaping og levande lokalsamfunn i heile fylket. Veksten i reiselivet må skje på lokalsamfunna sine premissar og innanfor naturen si tåleevne.

Arbeidarpartiet vil gi lokalsamfunn større innverknad over reiselivsutviklinga. Næringa skal i større grad bidra til lokal verdiskaping, fleire heilårsarbeidsplassar og betre finansiering av fellesgode i område med høgt turisttrykk.

Der kommunane har opna for cruiseverksemd, må ein sikre berekraftig utvikling gjennom god besøksforvaltning og til dømes landstraum på cruisehamner. Lokal mat, drikke, kultur og historie skal ha ein tydelegare plass i reiselivsutviklinga.

Landbruk, mat og drikke

Landbruket er avgjerande for matberedskap, verdiskaping og busetting i heile Vestland. Råstoff frå landbruket er ein føresetnad for deler av næringsmiddelindustrien og leverandørar vi har i Vestland.

Vestland Arbeidarparti vil styrke grunnlaget for aktiv drift på små og mellomstore bruk og bidra til betre lønsemd i jordbruket. Mjølkeproduksjonen, som står for 50 % av verdiskapinga innan jordbruket i Vestland, må styrkast. Vi vil arbeide for at lausdriftskravet ikkje fører til omfattande nedlegging av mjølkebruk i fylket. Grunnlaget for sau- og geitehald i Vestland må styrkast, då dette er viktig for matberedskap, kulturlandskap og verdiskaping i distrikta. Vi vil arbeide for å stimulere og auke produksjonen av frukt, bær og grønsaker. Desse produksjonane er viktige for verdiskaping og sysselsetting i indre deler av Vestland.

Vestland må ta sin del av matproduksjonsansvaret for å sikre matberedskapen, som igjen er ein del av totalberedskapen i Noreg. Samtidig vil vi styrke lokal foredling og sal av vestlandske mat- og drikkeprodukt, slik at meir av verdiskapinga blir verande i lokalsamfunna.

Lønsemda i landbruket må betrast. Betre økonomi utløyser framtidstru og investeringsvilje, noko som også er svært kjærkome for mellom anna sysselsetjing hos entreprenørar og maskinfirma i distrikta.

Dra nytte av innovasjonskrafta i Vestland

Vestland har lange tradisjonar for omstilling, innovasjon og nyskaping. Vestland Arbeidarparti vil bygge vidare på dette og legge til rette for fleire gründerverksemder, nyetableringar og arbeidsplassar i heile fylket.

Offentlege innkjøp er eit viktig verkemiddel for næringsutvikling. Vi vil sikre at også oppstartsbedrifter kan konkurrere om fylkeskommunale kontrakter. Gjennom samarbeid med innovasjonsmiljø som VIS, tilskotsordningar og offentleg-private tidlegfasefond vil vi bidra til betre kapitaltilgang og utvikling av nye verksemder.

Vi vil òg styrke dei kreative næringane og legge til rette for vekst og verdiskaping innan film, spel, musikk og andre kreative bransjar.

Vår plan for den gode folkehelsa

God folkehelse handlar om meir enn gode helsetenester. Det handlar også om sosial utjamning, inkludering og å kunne leve trygge, aktive og meiningsfulle liv. Vestland Arbeidarparti vil arbeide for å redusere sosiale helseforskjellar, sikre tilstrekkeleg arbeidskraft i helse- og omsorgstenestene og legge til rette for god folkehelse i heile fylket.

Eit samfunn skal målast etter korleis vi tek vare på dei som treng fellesskapet mest. Menneske med funksjonsnedsettingar, psykiske helseutfordringar, rusproblem eller andre utfordringar skal møtast med respekt, likeverd og gode tenester. Vi vil styrke innsatsen mot utanforskap og sikre at alle kan delta i samfunnet på eigne premisser.

Einsemd og sosial isolasjon er store folkehelseutfordringar, både blant unge og eldre. Difor vil vi prioritere inkluderande fellesskap, trygge møteplassar og førebyggjande tiltak som fremmer tilhøyrsle, livskvalitet og god helse gjennom heile livet.

Ei sterk og likeverdig offentleg tannhelseteneste

Arbeidarpartiet vil at tannhelse skal likestillast med anna helse. Det krev meir pengar til den offentlege tannhelsetenesta og tydelegare regulering av private aktørar. Alle som har rett til offentleg tannhelsehjelp, skal få behandling innan rimeleg tid, uavhengig av kvar dei bur i fylket. Eldre på institusjon skal få tilpassa tannbehandling gjennom betre behandlingsrom og auka bruk av mobile einingar.

Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter, TkVestland, må sikrast stabile rammer og kapasitet til å behandle fleire pasientar. For å sikre gode tenester i heile fylket må vi utdanne, rekruttere og halde på dyktige fagfolk. Det krev trygge arbeidsvilkår med faste heiltidsstillingar, offentleg tenestepensjon, moderne klinikkar og gode fagmiljø.

Utdanning og rekruttering av helsearbeidarar for framtida

Skal vi lukkast med helse- og omsorgstilbodet i framtida, er vi heilt avhengige av nok folk med rett kompetanse. Arbeidarpartiet vil kjempe for ein styrka nasjonal, regional og lokal innsats for å sikre at fleire vel å utdanne seg til helserelaterte yrke, og at dei vel å halde fram i yrket.

Fylkeskommunen si viktigaste oppgåve her er å sørge for at helsefaga i den vidaregåande skulen i Vestland er attraktive. Vi vil legge godt til rette for at flest mogeleg trivst i

utdanningsløpet, og kan avslutte med eit fagbrev eller kompetansebevis som gjer dei rusta for det viktige arbeidet i helse- og omsorgssektoren

Førebyggjande folkehelse og psykisk helse i skulen

Vestland fylkeskommune skal vere ein tydeleg pådrivar for tiltak i kommunane som fremmer deltaking, fellesskap og sunne levevanar for alle aldersgrupper. Vi vil arbeide for tilstrekkeleg med ressursar til det førebyggande folkehelsearbeidet, særleg gjennom auka kapasitet for helsesjukepleiarar på dei vidaregåande skulane.

Skulane våre skal ha god kompetanse på kjønns- og seksualitetsmangfald, og drive eit systematisk arbeid mot all form for mobbing. Vi treng eit variert opplæringstilbod, med mellom anna produksjonsskular, som sikrar at ein kan vere i opplæring sjølv om ein har psykiske vanskar.

Vestland Arbeidarparti vil kjempe for at unge som har fått oppfølging av BUP er sikra eit godt tilbod også etter at dei fyller 18 år. Vi vil også arbeide for fleire spesialiserte behandlingstilbod for barn og unge med eteforstyrringar, og auke støtta til relevant rådgjevingsarbeid i regi av ideelle aktørar.

Vår plan for klima og natur

Vestland Arbeidarparti vil ta vare på naturen, kutte utslepp og skape nye, trygge arbeidsplassar på ein måte som gir folk og lokalsamfunn nye moglegheiter.

Vestland er forma av naturressursane våre. Havet, fjordane, fjella, vassdraga, skogen, matjorda og krafta har skapt arbeidsplassar, industri og levande lokalsamfunn. Det gir oss store moglegheiter, men òg eit ansvar for å forvalte ressursane klokt.

Klimaendringane merkast allereie gjennom meir ekstremvêr, flaum og rasfare. Samstundes aukar presset på natur og areal. Vi må kutte utslepp, tilpasse samfunnet til eit endra klima og bruke areala våre betre.

Vestland har industri, fagarbeidarar, havnæringar, kraft og kunnskapsmiljø som trengst for å skape løysingar. Den grøne omstillinga skal skape arbeid og utvikling i heile fylket, vere realistisk og rettferdig og gi folk betre alternativ i kvardagen.

Skape grøne arbeidsplassar og ny industri

Vestland skal vere eit leiande fylke for grøn industri, rein energi og klimavennlege løysingar. Vi vil byggje vidare på kompetansen i industrien, maritim sektor, havnæringane, leverandørindustrien, landbruket og forskingsmiljøa våre.

Fylkeskommunen skal samarbeide tett med næringslivet, kommunane, fagrørsla og utdanningsinstitusjonane. Vi vil særleg leggje til rette for grøn skipsfart, hydrogen, batteriteknologi, karbonfangst og -lagring, bioøkonomi, sirkulærøkonomi og havvind der det er lokalt forankra og naturmessig forsvarleg.

Sikre rein kraft på lag med klima og natur

Vestland treng meir rein kraft og betre nett for å sikre industri, arbeidsplassar og omstilling til eit lågutsleppssamfunn. Vi vil prioritere oppgradering av eksisterande vasskraft, energieffektivisering, betre utnytting av straumnettet, bruk av overskotsvarme og lokal energiproduksjon. Ny kraftutbygging må vere lokalt forankra og skje med omsyn til natur, lokalsamfunn og verdiskaping. Verna vassdrag skal ha eit sterkt vern, men det må vere mogleg å gjennomføre skånsame tiltak når det er nødvendig for flaumsikring og verneverdiane ikkje blir vesentleg svekte.

Ta vare på naturen og bruke areala klokare

Vi vil sørge for oppdaterte og framtidsretta regionale planar slik at desse kan nyttast som grunnlag for tydelegare vurdering av nye utbyggingar opp mot naturtap, klimautslepp, matjord og langsiktige samfunnsbehov. Vi vil prioritere gjenbruk av allereie nedbygde areal, klok fortetting og betre planlegging på tvers av kommunegrenser. Fleire skal få tilgang til naturen gjennom vern av nærturområde, strandsoner, stiar og friluftsområde. Vi vil halde fram med å støtte friluftsorganisasjonar og frivilligheita sine viktige bidrag til dette målet.

Gjere det lettare å reise grønt

Folk må ha gode og reelle alternativ dersom fleire skal reise miljøvennleg. I byområda skal kollektivtransport, sykkel og gange ta ein større del av veksten i transporten. Her har byvekstavtalen vore ein suksess, og ny byvekstavtale må sikre at ein når nullvekstmålet i Bergensområdet. I distrikta må løysingane vere tilpassa kvardagen folk faktisk lever i. Klima-, areal- og transportpolitikken må sjåast i samanheng, slik at folk kjem seg til arbeid, skule og fritidsaktivitetar, og næringslivet får varene fram.

Les meir om samferdsle i kapittelet «Vår plan for å binde Vestland saman».

Ta vare på havet og utvikle dei marine næringane

Havet skal gi grunnlag for mat, arbeid og verdiskaping også i framtida. Vi vil støtte ei berekraftig utvikling av fiskeri, havbruk, sjømatindustri og maritim næring, og arbeide for at meir fangst blir landa og foredla lokalt. Miljøutfordringar knytte til sjukdom, rømming, utslepp og arealbruk må reduserast. Vi vil òg styrke arbeidet mot plast og marin forsøpling i samarbeid med kommunar, friluftsråd, frivillige og havnæringane.

Byggje tryggare lokalsamfunn i eit endra klima

Vestland må vere betre rusta for klimaendringane som allereie er her. Klimatilpassing handlar om tryggleik for folk, lokalsamfunn, matproduksjon, arbeidsplassar og infrastrukturen vi er avhengige av. Vi vil prioritere rassikring, flaumsikring, handtering av overvatn og infrastruktur som toler meir ekstremvêr. Samstundes skal naturbaserte løysingar brukast oftare. Myr, skog, vassdrag, kantsoner og grøntområde kan dempe flaum, binde karbon og ta vare på naturmangfald.

Vår plan for framtida

Ein trygg og ansvarleg økonomisk styring er sjølve fundamentet for å nå måla våre. I ei uroleg tid må vi vere varsame. Godtgjersla til folkevalde skal sikre brei demokratisk deltaking, medan leiarlønningar skal vere konkurransedyktige utan å vere lønsleiande. Vi skal vere ambisiøse, men realistiske. Vestland fylkeskommune har høg gjeldsbyrde og vi må ta høgde for at endra økonomiske føresetnadar kan påverke gjennomføringa av programmet i komande periode.

Vestland syner at eit stort fylke med sterke fagmiljø kan løyse regionale oppgåver nær folk. Folkestyret fungerer best når politikken er tydeleg, alternativa er klare og dei folkevalde står til ansvar for styringa. Difor meiner vi at parlamentarisme er den beste styringsforma for Vestland fylkeskommune.

Når avgjersler blir tekne nær folk, får fellesskapet meir å seie, og tenestene blir betre tilpassa dei som brukar dei. Folkevalde som kjenner kvardagen i regionen, finn ofte betre og meir kreative løysingar enn eit fjernt byråkrati. Vi meiner fylkeskommunen kan løyse fleire oppgåver som staten har i dag, og gjere det betre. Nokre oppgåver er og for store for den einskilde kommunen, men kan løysast godt i fellesskap på regionalt nivå. Difor vil vi arbeide for at fleire oppgåver frå staten og kommunane blir flytta til fylkeskommunen. Slik styrker vi folkestyret og sikrar likeverdige tenester for alle, same kvar i Vestland dei bur.

Eit samla og offensivt Vestland skapar ein slagkraftig region. Arbeidarpartiet vil samarbeide meir med fylka på Vestlandet for å trygge fellesskapet, verdiskapinga og ein sterk region for framtida. Vi er opne for å drøfte ei større regionsinndeling i framtida, dersom det kjem innbyggjarane til gode.

Vestland fylkeskommune er fylket med Noreg sin nest største by, men og med flest menneske som bur i distriktet. Vårt mål er å sikre at ein kan leve gode liv med sterke fellesskap i by og land, og at folk, lokalsamfunn og næringsliv lukkast for framtida.